

## **Pensjonistforbundet Møre og Romsdal**

### **Uttale om «Prosess for rehabilitering i Møre og Romsdal»**

**Fylkesstyret i Pensjonistforbundet Møre og Romsdal behandla sak om «Grunnlag for anbudsprosess for rehabiliteringstenester i Helse-Midt Norge, i styremøte 23.04.24,**

**Pensjonistforbundet Møre og Romsdal støttar uttalen frå Brukarutvala i Midt-Norge for det som gjeld denne saka. Fylkesstyret peikar særleg på Helse Midt-Norge si målsetting om å oppnå framragande rehabilitering for befolkninga.**

**Å ha eit godt og velfungerande rehabiliteringstilbod er særst viktig sett i høve til «Bo trygt heime» reforma. Det ser ut til at tenesten er underfinansiert i dag, og naudsynte midlar for å dekke tenesten må bevilgast av Stortinget.**